



Tettstad i to alternativ, den svarte streken angjev konklusjonen frå UU-møtet i kveld

Korleis skal grensene for tettstaden Uskedalen gå når det no skal gjennomførast ei ny planleggjingsøkt? Dei frammøtte fekk eit utkast på bordet under møtet til Uskedal Utvikling ikveld og ikkje uventa vart det justert, men ikkje dramatisk. Ei grein bort til Eikelandet var det mest radikale. Flatholm vart ikkje med i tettstadsområdet.

Ein annan hovudsak på møtet var å få på beina ei referansegruppe lokalt men det manglar førebels nokre namn. Imidlertid vert det ei allsidig gruppe med 9-10 medlemmer.



Formannskapet er styringsgruppe og der sit uskedalingane Kjell Yri og Gunn Mari Moberg. Her drøftar dei planprosjektet med gunneigar Kjell Magne Haugland (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er formannskapet som skal vera styringsgruppe og leiar Kristian Olav Bringedal hadde denne kommentaren til det: - Vi er heldige som har to medlemmer. Prosjektleiar vert Karin Thauland

Leiaren opplyste i ein generell orientering at UU har god kontroll med økonomien men medlemstalet bør aukast frå berre 32 til minst 50.

Arbeidet i kjellaren til Gamleskolen har kome langt og snart skal det støypast golv. Det er imidlertid enno ikkje teke noko standpunkt til kva det 85 kvadratmeter store lokalet skal nyttast til i framtida. Næringsverksemd av eit eller anna slag er eitt forslag, galleri eitt anna.

Bringedal opplyste at det vil skje bruksendring frå næring til forsamlingslokale.

- Gamleskolen er eit populært hus, vi har ein veldig pågang frå interesserte leietakarar, slo han fast.

Av Ola Matti Mathisen